

## Rosendal rykkjer opp - uskedelinger på laget

27.09.2008



Stor jubel i Rosendal laurdag ettermiddag over opprykket. (Foto. Arne Lindeflaten, Kvinnheringen)

**Fjordedivisjonslaget til Rosendal rykkjar opp etter at jentene hadde sigr 4-0 over Fana 2 på heimebane laurdag ettermiddag og Odda hadde spela uavgjort 1-1 mot Nymark 2 søndag ettermiddag. Og på det opprykkjande laget var det tre som bur i Uskedalen: Anita Simensen, Ida Røssland og Reidun Musland.**



Sluttresultatet er fastsett til 4-0 av Lena Medhaug. (Foto: Gro Heidi Åsen Molland, innsida.no)

Også uskedelingen Hege Lekva har vore ein solid spelar på laget, men for ei tid tilbake vart ho sett utanfor på grunn av beinbrot.

Rosendal-laget hadde ein spanande oppryksduell mot Odda og la grunnlaget sist søndag ved å imponera stort og slå oddingane 3-0 i Tyssedal. Dermed var det klart at dei kunne ta eit avgjerande steg mot opprykk allereie heime på stadion laurdag. Og dei fortener utan tvil opprykket etter å ha tapt berre ein kamp denne sesongen.

Men Odda trilla ball-i-hatt med botnlaget Skogsvåg i den nest siste kampen som dei vant 9-0. Dette utsette Rosendal for eit sterkt psykologisk press, noko som prega heimelaget gjennom heile den mållause første omgangen sjølv om Odda låg seks mål etter.Rosendal.

Oddingane spela den siste kampen sin mot Bergen-laget Nymark 2 sundag.

Fana-laget var betre enn Rosendal i første del av kampen då heimelaget hadde berre hadde ein skikkeleg sjanse. Men i pausen fekk dei tydelegvis med god hjelp av trenaren nervane under kontroll, for i andre omgang var det som om eit anna lag hadde kome på banen.

Likevel gjekk det eit kvarter før målhungrige Hildegunn Guddal fekk hol på byllen og seinare var ho med på det meste av sigers-rusket mot bergensarane sjølv om ho ikkje scora fleire mål sjølv.

Mot slutten var Fana nærmast parkert og Rosendal viste til fulle at dei fortener å spela ein divisjon høgre. Opprykket vart endeleg avgjort sundag då Odda spela 1-1 mot Nymark 2. Oddinga måtte slå bergensarane med minst ti mål for å sikra direkte opprykk og det verka ikkje særleg sannsynleg sjølv om Nymark 2 hadde slept inn berre seks mål på heimebane denne sesongen. Difor var det tilløp til feiring i Rosendal allereie laurdag.

Hildegunn Guddal var den klart beste på det sigrande laget laurdag, men uskedelingen ida Røssland fortener også sterk ros fordi ho var ein så trygg forsvarsklippe som det slett ikkje var enkelt å runda.

Av Ola Matti Mathisen



Ida Røsland er ein av uskedelingane på Rosendal-laget. Her forfriskar ho seg i pausen på Rosendal stadion laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)